



Arkivsaknr: 2025/7111-8
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om salsløyve for sal av eigenprodusert alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 – Safthuset DA Festevegen 119, 5912 Seim, org.nr. 832618772 vert innvilga.

Karin Feste f.02.07.70 er styrar for skjenkeløyve.

Svein Telstø Kvamme f.12.01.67 er avløyсар.

Salstida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er mand - fredag frå kl.10.00 -20.00. Laurdag frå 10.00 – 18.00

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jf. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Safthuset DA Festevegen 119, 5912 Seim, org.nr. 832618772 er innvilga tilverkingsløyve frå helsedirektoratet. Det søkast om salsløyve av eigenprodusert alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i eiga verksemd. Styrar: Kari Feste, Festevegen 119, 5912 Seim. Avløyсар: Svein Telstø Kvamme, Festevegen 119, 5912 Seim.

Saksopplysningar

Safthuset DA søker salsløyve til sal av eigenprodusert alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2.

Safthuset DA er tilknytt Skøssn gard på Seim, Alver kommune. Garden har vore i same familie sidan 1794 og drivast i dag av Karin Feste og Svein Kvamme. I 2023 opna driftsbygget Safthuset på garden som er eit 200m² lokale for vidare foredling av frukt frå garden. I bygget ligg ein gardsbutikk med utsal av eigenproduserte varar. Dei sel mellom anna eple, eplemost frå fleire sortar, bringebær, honning, kjekjøt, garn og skinn frå kasjmirgeit.

Safthuset har i dag tilverkingssløyve for produksjon av eplesider opp til 22% på eigen gard. Safthuset ønskjer å utvida tilbodet med sal av eigenprodusert cider på staden. På garden har dei 6 mål med ca 1400 epletre. Hovudsortane eple er Discovery og Aroma. Dei har og ein del Nanna og Rubinstep eple. Cider vert laga av eple som er dyrka på Søsnn gard. Cider basert på lokale råvarer frå Søsnn gard høver godt til det heilheitlege tilbodet.

Salstid for alkoholhaldig drikk vil vere mand - fredag frå kl.10.00 -20.00. Laurdag frå 10.00 – 18.00

Vurdering

«Med tilvirkning forstås enhver produksjon av alkoholholdig drikk. Slik produksjon kan skje ved gjæring, destillasjon eller på annen måte. Den omfatter f.eks. alkoholgjæring av druesaft, frukt- eller plantesaft, gjæring på malt (øl) og fremstilling av alkohol av annet produkt ved destillasjon eller annen teknisk prosess» ([Tilvirkning - Helsedirektoratet](#))

Helsedirektoratet er myndigheit for statlege tilverkingssløyver jf. Alkoholova § 6. Innehavar av tilverkingssløyve gitt av staten etter § 6 har rett til å drive engrossalg med den type alkoholhaldig drikk tilverkingssløyvet gjeld for jf. forskrift om engrossal § 5-2.

Sal av alkoholhaldig drikk etter alkoholova § 3-1 andre ledd kan: *«dersom kravene i § 1-7 b er oppfylt, omfatte salg i egen virksomhet av alkoholholdig gruppe 2 tilvirket i henhold til statlig tilvirkningsbevilling etter kapittel 6».*

Kravet om tilknytning mellom tilverkingslokala og salslokala i Alkoholova § 1-7 medfører at salet må finne stad på produksjonsstaden. Salet kan ikkje finna stad gjennom nettbutikk eller ved bestilling og tilsending av produkta. Vidare er det satt krav om at 1/3 del av innsatsvarer som gir produktets karakter, må vere eigenprodusert. Safthuset vil nytta minst 1/3 del av eigendyrka eple i tilverka cider. Safthuset DA har lokale både for produksjon og skjenking i driftsbygget og ønskjer å laga cider basert på lokale råvarar som finst på garden.

Alver kommune vektlegg betydninga av å ivareta kulturarv i kommuneplanens samfunnsdel (2022-2024): *«Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling. Vi skal ivareta og byggje kunnskap om lokal tradisjonskultur».*

Styrar og stedfortredar har bestått kunnskapsprøva for sal av alkoholhaldig drikk. Søknaden er send til uttale hos nav, politi og skattemyndigheiter og det er inga merknader til søknad om løyve.

Kommunedirektøren si tilråding:

Søknad om salsløyve til å gjelda sal av eigenprodusert alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i eige verksemd vert innvilga i perioden frå 01.09.2025- 30.09.28.

Vedlegg

- 1 Søknad om bevilling - alkoholholdige drikker opp til 22%
- 2 Bevillingsdokument.pdf